

## INNKALLING TIL VALMØTE FOR EIGENKAPITALBEVISEIGARAR I HJELMELAND SPAREBANK

Hjelmeland 4.1. 2024

Det vert innkalla til valmøte for eigenkapitalbeviseigarane sine val i bankens lokaler på Hjelmeland

**Torsdag 18. januar 2024 kl. 12.00**

Sakliste:

1. Velkomen og registrering av frammøtte eigarar
2. Val av møteleiar
3. Orientering om stoda i banken ved banksjef og styreleiar
4. Val av 2 møtedeltakarar til å skrive under referat frå valmøtet
5. Val av 1 medlem til hovudvalnemnda for perioden 2024-2025
6. Val av 1 medlem til valnemnd for eigenkapitalbeviseigarar 2024-2025
7. Eventuelt

Valnemnda si innstilling er vedlagt.

Alle eigenkapitalbeviseigarar som er registrert i Verdipapirsentralen (VPS) på valdagen er røysteføre. Kwart eigenkapitalbevis gjev ei stemme på valmøtet. *Eigenkapitalbeviseigar kan gje fullmakt til annan eigenkapitalbeviseigar om å røysta for sine eigenkapitalbevis. Sjå vedlagde fullmaktsskjema. Eigenkapitalbeviseigarar som ikkje møter fysisk fram til møtet, kan delta på Teams. Opplys då om e-postadresse ved påmelding.*

Avstemminga skjer skriftleg dersom ikkje alle møtande samtykkjer i at avstemminga skjer på ein annan måte. Den eller dei som får flest stemmer er valt.

Valmøtet har høve til å diskutera og koma med forslag til hovudvalnemnda på styremedlemmer i banken.

Vi ber om tilbakemelding på di deltaking **innan tysdag 16. januar 2024** til banksjef Bjørn Tjensvold på e-post til [bjorn.tjensvold@hjelmeland-sparebank.no](mailto:bjorn.tjensvold@hjelmeland-sparebank.no) eller telefon 97305098. Dersom du møter med fullmakt, må vedlagte fullmakt returnerast i underskriven stand og vera motteken i banken innan tysdag 16. januar 2023.

Med helsing  
Hjelmeland Sparebank

Øyvind Ravnås Lundbakk  
styreleiar

Vedlegg:

Valnemnda si innstilling  
Fullmaktsskjema